

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 21.08.2019
Tidspunkt: 09:00-12:40

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Nina Murberg	Medlem	FFO til 11:45
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Medlem	SAFO
May Eva Sandvik	Medlem	H
Ingeborg Hordvik	Medlem	FL R/SV/SP/KRF

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ingen forfall		

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ragnhild Aak Skaja	Seniorrådgjevar, Eigedomsavdelinga
Merethe Mæland	Leiar system og utvikling, Eigedomsavdelinga
Andreas Ask	Folkehelse- og rådgjevar, Regionalavdelinga
Björg Larsen	Seniorrådgjevar, Kulturavdelinga
Arvid Hauge	Rådgjevar, Regionalavdelinga
Lars Christensen	Prosjektleiar, Eigedomsavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 23/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 24/19	Godkjenning av sakliste		
PS 25/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 26/19	Referatsak (meldingar)		
PS 27/19	Ymse		
RS 13/19	Møtereferat frå RMNF-AU den 06.08.2019	2017/485	
RS 14/19	Tildeling av statlege midlar til TT-ordninga	2017/485	
RS 15/19	Invitasjon til Landskonferanse for fylkeskommunale råd for likestilling av menneske med nedsatt funksjonsevne 2019 - påminnelse	2017/485	
RS 16/19	Samanslåing av medverknadsorgana - val av rådsmedlemer til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland fylkeskommune for perioden 2019-2023	2017/485	
PS 28/19	Høyring - Forslag til endringar i helsepersonelloven av § 29 C - enklare tilgong til helseopplysningar for kvalitetssikring av helsehjelp og eigen læring	2017/485	
PS 29/19	Nytt fylkeshus - Universell utforming	2017/485	

PS 23/19 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.08.2019

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

PS 24/19 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.08.2019

Vedtak

Sakslista vart godkjent utan merknader.

PS 25/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.08.2019

Vedtak

Møteboka frå møte den 20.05.2019 vart godkjent utan merknader.

PS 26/19 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.08.2019

Referatsakene 13/19-16/19 vart refererte og tekne til orientering.

PS 27/19 Ymse

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.08.2019

Orienteringar:

- Folkehelseinstituttet, Jens Christoffer Skogen, presentasjon av folkehelseundersøkelsen.
- Hordaland fylkeskommune, Egedomsavdelinga, Merethe Mæland, Nytt fylkeshus og Universell utforming.
- Olympiatoppen Vest, Iwonka Vik Olsen og Thea Kristiansen, Paraidrett frå bredde til topp.

Nina Murberg (SAFO) sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil oppmode OT/PPT-tenesta i Hordaland fylkeskommune til å sikre ei nærare samhandling med dei kommunale PP-tenestene og fokusere på at det skal skje ein større grad av kompetanseoverføring også til dei kommunale tenestene. Fokus på å få ned ventetida og rette virkemidlar for å få dette til, vil lettare kunne oppnåast ved læringsoverføring mellom ulike sektorar.»

Røysting

Murberg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Deltaking frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne til Landskonferansen for likestilling av mennesker med nedsett funksjonsevne 2019: Kjell Håland, Kjell Søvik, Harald Norheim, Inge Fiskvik og May Eva Sandvik.

Neste møte i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er den 04.12.2019. Møtet den 30.10.2019 går ut.

PS 28/19 Høyring - Forslag til endringar i helsepersonelloven av § 29 C - enklare tilgong til helseopplysningar for kvalitetssikring av helsehjelp og eigen læring

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek forslag til uttale som framlagt i møtet.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.08.2019

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar forslag til endring i helsepersonelloven § 29 C – enklare tilgong til helseopplysningar for kvalitetssikring av helsehjelp og eigen læring, som foreslått av Helse- og omsorgsdepartementet:

§ 29 c. *Opplysningar til bruk i læringsarbeid og kvalitetssikring*

Med mindre pasienten motsetter seg det, kan taushetsbelagte *opplysningar* gjøres tilgjengelige for helsepersonell som tidlegare har ytt helsehjelp til pasienten i et konkret *behandlingsforløp*. *Opplysningene må være nødvendige og relevante for helsepersonellets*

egen læring eller for kvalitetssikring av helsehjelpen.

Røysting

Håland sitt forslag fekk 3 røyster (A, H og R) og vart vedteke mot røystene til (SAFO og FFO (Søvik og Fiskvik)) med møteleiar si dobbelstemme.

Det var 6 medlemmer tilstades.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar forslag til endringar i helsepersonellova § 29 C, enklare tilgong til helseopplysningar for kvalitetssikring av helsehjelp og eigen læring, som foreslått av Helse- og omsorgsdepartementet:

§ 29 c. Opplysninger til bruk i læringsarbeid og kvalitetssikring

Med mindre pasienten motsetter seg det, kan taushetsbelagte opplysninger gjøres tilgjengelige for helsepersonell som tidligere har ytt helsehjelp til pasienten i et konkret behandlingsforløp. Opplysningene må være nødvendige og relevante for helsepersonellens egen læring eller for kvalitetssikring av helsehjelpen.

PS 29/19 Nytt fylkeshus - Universell utforming

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek informasjon om universell utforming av nytt fylkesbygg frå eigedomsavdelinga til orientering, og vil kome med innspel til universell utforming av nytt fylkesbygg i møtet.

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.08.2019

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) tek informasjon om universell utforming av nytt fylkesbygg til orientering. RMNF ser at det nye fylkeshuset kan bli eit flott og innbydande signalbygg for befolkninga og for tilsette der universell utforming vert vektlagt.

RMNF vil påpeike nokre forhold:

- I tillegg til naturlege ledelinjer, må der lagast fysiske ledelinjer til sentrale deler av bygget,- til dømes til resepsjon og til fylkestingssalen.
- Når det gjeld fylkestingssalen, vil RMNF utfordra arkitekt og byggtekniske fagfolk til litt meir vyer og spenstighet. Kvifor må bevegelseshemma tilvisast berre til 1. rad i salen? Rådet ber om at større deler av salen (fleire rader) vert gjort tilgjengelege for bevegelseshemma!
- Elektroniske hjelpemidler, informasjonstavler (obs for sol/gjenskin) og gode skiltløysingar må vektleggjast.
- For hørselshemma må oppdaterte teleslynger vere på plass. I tillegg må ein tenkje på støydempende tiltak, belysning og varslingsystem i heis med direkte tekst på display.

RMNF vil understreke at universell utforming må følgjast opp undervegs i heile plan- og byggeprosessen for å sikre at ting kjem med og blir rett installert. Rådet registrerer at der er sett ned ei brukerguppe og vil føreslå at representantar frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert med i denne brukergruppa.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) tek informasjon om universell utforming av nytt fylkesbygg til orientering. RMNF ser at det nye fylkeshuset kan bli eit flott og innbydande signalbygg for befolkninga og for tilsette der universell utforming vert vektlagt.

RMNF vil påpeike nokre forhold:

- I tillegg til naturlege ledelinjer, må der lagast fysiske ledelinjer til sentrale deler av bygget,- til dømes til resepsjon og til fylkestingssalen.
- Når det gjeld fylkestingssalen, vil RMNF utfordra arkitekt og byggtkniske fagfolk til litt meir vyer og spenstighet. Kvifor må bevegelseshemma tilvisast berre til 1. rad i salen? Rådet ber om at større deler av salen (fleire rader) vert gjort tilgjengelege for bevegelseshemma!
- Elektroniske hjelpemidler, informasjonstavler (obs for sol/gjenskin) og gode skiltløysingar må vektleggjast.
- For hørselshemma må oppdaterte teleslynger vere på plass. I tillegg må ein tenkje på støydempende tiltak, belysning og varslingsystem i heis med direkte tekst på display.

RMNF vil understreke at universell utforming må følgjast opp undervegs i heile plan- og byggeprosessen for å sikre at ting kjem med og blir rett installert. Rådet registrerer at der er sett ned ei brukerguppe og vil føreslå at representantar frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert med i denne brukergruppa.